

Hallo i nedslagsfeltet!

Tida flyg og eg har allereie lagt bak meg seks flotte og innhaldsrike veker her i Valdres. Veldig mykje har skjedd på kort tid, men eg skal prøve å gi dykk ei grei oppsummering på det viktigaste som har hendt sidan eg starta på folkehøgskule.

Den første veka i Valdres vart brukt til å bli kjend med alle dei andre elevane, lærarane, skulen og området rundt. Veka etterpå var det klart for bli-kjent-tur for alle saman. Tre dagar ute i flott villmark...og pøsande regn!! Det regna absolutt heile turen og alt vi hadde med oss vart klissvått. Men turgleda vart ikkje mindre av den grunn, iallefall ikkje der linja mi hadde leir. Vi brukte tida til å klatre i tre, bade og kose oss rundt bålet. Og etterkvart som dagane gjekk vart eg berre meir og meir sikker på at eg hadde valt rett linje. Eg fann ut at positiviteten i gruppa var ekstremt bra og alle saman var både hyggelege og engasjerte friluftsmenneske. Dette lova bra!



Klassebilette av Bratt Friluftsliv – Himalaya

Veka etterpå gjekk turen til Nigardsbreen i Luster kommune. I løpet av dei tre dagane vi var der fekk vi lære korleis vi skulle gå med stegjern, gå i taulag med mange folk og korleis vi skulle redde nokon dersom dei skulle dette ned i ein sprekk. I tillegg fekk vi prøve å klatre opp ein vertikal isvegg med to isøkser, noko eg meiner var den kjekkaste aktiviteten på heile turen. Ei anna oppleving som eg heller ikkje gløymer med det første var då vi var ferdige på breen og skulle tilbake til campingplassen. Då såg vi plutselig at ei av jentene i klassa tok seg ein symjetur i det iskalde brevatnet. Eg og eit par andre ville sjølvsagt ikkje vere noko dårlegare, så vi hoppa ut i vatnet og tok oss ein dukkert vi òg! Ei kald, men deilig oppleving!



Isklatring på Nigardsbreen

Neste tur på programmet var ein fellestur for heile skulen til Memurubu i Jotunheimen, der planen var at vi skulle gå Besseggen siste dagen. Første dagen gjekk vi på stien langs vatnet under Besseggen og inn til Memurubu. Neste dag fekk vi valet mellom å gå fire forskjellige fjellturar. Eigentleg hadde eg planlagt å gå den kortaste turen ettersom eg byrja å bli sjuk, men så fekk eg det for meg at det var alt for pinglete å gå den lettaste turen når eg går på linja Bratt friluftsliv - Himalaya, som vert rekna som ei av dei tøffaste linjene. Med andre ord bestemte eg meg for å gå den lengste turen, som varte i over 10 timar og førte oss opp til Surtningsssue på 2368 m.o.h. For å vere ærleg var nok denne turen noko av det hardaste eg har gjort på lenge. Med ein del feber og veldig tung pust hadde eg lite krefter, og gjekk stort sett berre på viljen. Men når det er sagt var det rett og slett heilt fantastisk når vi nådde toppen i full snøstorm og eg fekk endeleg oppleve korleis det var å ha istappar på augevippene! Neste dag hadde influensaen slått rot i kroppen, og gjorde det dermed uaktuelt å gå over Besseggen. Veldig kjipt, men eg hadde vel berre meg sjølv å takke?



Toppen av Surtningsssue

Onsdag for ei og ei halv veke sidan prøvde vi ut den desidert råaste aktiviteten hittil, nemleg downhillsykling på Hafjell! Syklane var store og robuste med kraftige demparar, og vi vart pakka inn i masse utstyr som skulle beskytte oss best mogleg. Etterkvart som vi vart tryggare og tryggare auka både farta og adrenalinet i kroppen. Og akkurat då eg hadde det aller kjekkast tok motet mitt litt overhand, og eg tok meg ein liten flygetur i bakken. Det som eg trudde var ein liten hump var eit lite hopp i staden, og eg landa på nokre steinar eit par meter nedanfor hoppet. Heile høgresida vart kraftig forslått, men eg hadde det så utruleg morosamt at eg bestemte meg for at eg iallefall skulle køyre ferdig turen, sjølv om det slett ikkje var særleg behageleg. Dagen etter auka smertene etter fallet, og eg måtte ein tur til legevakta der eg fekk beskjed om at eg hadde brekt eit ribbein og måtte vere forsiktig i 4-6 veker. Ein utrulig kjedeleg beskjed, men "heldigvis" er det ikkje berre eg som er skada på linja mi. Ei jente fekk skuldra ut av ledd på downhillsykling, medan ei anna forstua ankelen då ho klatra.



Downhillsykling på Hafjell!

No er det haustferie heime i Velledalen i ei veke, før eg vender snuten tilbake til Valdres der fleire spanande og utfordrande aktivitetar ventar!

Mi personlege form på ein skala frå 0-10 er i skrivande stund vurdert til: 4,3.